



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/41739-26

Dykkar referanse:
19/409 – 19/7420

Vår dato:
22.03.2019

Uttale til dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplanen for Helleåsen – Gnr. 202 bnr. 3 – Hjelmås i Lindås kommune

Vi viser til brev datert 05.03.2019 om dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Helleåsen – planid 1263–19032007.

Om søknaden

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav knytt til kor mange bueiningar som kan førast opp før utbetring av fylkesveg skal vere utført. Søkjar ønskjer ei endra forståing av kor mange bueiningar som ligg i rekkefølgjekravet, frå 8 til 16 bueiningar. Bakgrunnen er at føresegnene opnar for einebustad med sekundærhusvære.

Lindås kommune si førehandsvurdering er at dette ikkje vert å sjå på som eit tiltak som kan handsamast som dispensasjon. Permanent dispensasjon frå tal bueiningar er etter deira vurdering eit tiltak som må handsamast som endring av føresegna til planen.

Om rekkefølgjekravet

Då reguleringsplanen vart vedteke i 2010, var rekkefølgjekravet utforma slik at det ikkje var løyve til oppføring av bustader før kravet var innfridd. I ettertid vart rekkefølgjekravet endra slik at det var løyve til å oppføre 8 einebustader, evt. med sekundærhusvære.

I brev datert 03.05.2018 vart det søkt om dispensasjon frå rekkefølgjekravet, mot ein bankgaranti for ein rund sum til trafikksikring på strekninga. Søknaden vart avslått i administrativt vedtak datert 16.10.2018, men vart påklaga i brev til Lindås kommune 11.05.2018. I vedtak den 12.12.2018 gav Plan- og miljøutvalet (PMU) i Lindås kommune dispensasjon frå vedtaket på gitte vilkår, mot Statens vegvesen si faglege tilråding.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Under tvil valde Statens vegvesen å ikkje klage på vedtaket, grunna vilkåret frå PMU om at fortau skal etablerast på heile strekninga.

Vår vurdering

Statens vegvesen vurderer at intensjonen bak rekkefølgekravet er at reell trafikktryggleik på strekningen skal auke før vidare utbygging. Etter vårt syn er det difor uheldig at det stadig kjem opp nye dispensasjonssaker knytt til rekkefølgekravet i planane for Helleåsen og Apalen sør. Vi vurderer at desse sakene i sum undergrev intensjonane ved føresegnene. Vi ber difor om at kommunen gjer ei streng vurdering i saka, ettersom det allereie er gitt nyleg dispensasjon.

Når det gjeld vurdering av trafikkmengd frå bustadeiningane, er det normalt ein vesensforskjell mellom trafikk frå ein stor einestad og ein mindre sekundærbustad. Store bustader legg til rette for større familiar og vil generere meir trafikk enn ein mindre bustad, der det normalt bur færre personar.

Etter vårt syn vil ein dispensasjon som omsøkt ikkje vere i samsvar med intensjonen bak føresegnene. Vi er difor negativ til dispensasjonssøknaden, og rår ifrå at Lindås kommune gir dispensasjon. Vi er vidare samd med administrasjonen si vurdering om at tiltaket ikkje kan handsamast som ein dispensasjon, men eventuelt må handsamast som ei endring av føresegna til planen, med fagleg utgreiing av verknader.

Vi ber om å få ein eventuell dispensasjon oversendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Skulstad Marianne
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ